



BJØRNESTAD KJELL ARNE
BJØRNESTADVEGEN 316
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1448 - 17/10813

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

29.05.2017

INFORMASJON OM PÅGÅANDE PROSESS MED PLANARBEID FOR UTVIDING AV MELAND KYRKJEGARD

Meland kommune ynskjer med dette å gje informasjon til naboane til Meland kyrkje om den pågåande prosessen med planarbeid for utviding av Meland kyrkjegard.

Det er eit krav i Gravferdslova at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ein kvar tid. Kommunen er no i den situasjonen at det må etablerast nye områder for utviding av gravplassen for å tilfredsstillere dette kravet.

Den eksisterande reguleringsplanen for utviding av Meland kyrkjegard er frå 1992. Den viser utviding mot aust, og delar av området er alt opparbeidd til kyrkjegard. Det er i utgangspunktet ikkje ynskjeleg å utvide kyrkjegarden vidare mot aust, då gravplassen har bratt tilkomst som ikkje tilfredsstillere gjeldande reglar for universell utforming (tilgjengeleg for alle). Det er heller ikkje ynskjeleg å leggje til rette for meir køyring opp i området for å bøte på den bratte tilkomsten. Vidare er terrenget innanfor restområdet for utviding av kyrkjegarden kupert, og det vil krevje store terrenginngrep for å opparbeide arealet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no


Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722


Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Kart som viser arealbruk i gjeldande reguleringsplan. Raud farge syner område regulert til gravlund/kyrkje, medan lys grøn farge viser areal regulert til landbruk.


I gjeldande arealdel til kommuneplanen er det sett av eit areal for utviding av gravplassen nord for kyrkja, slik det er vist på figuren under. Hausten 2016 vart det sett i gong prosess for å få utarbeidd reguleringsplan for dette området.



Kart som viser arealbruk i gjeldande kommuneplan i tillegg til gjeldande reguleringsplan. Raud farge syner område for framtidig gravlund, medan grøn farge syner LNF-område.

Det er gjort geotekniske undersøkingar som mellom anna viser at grunnvatnet står høgt i dette området. Rapporten viser og at heile det avsette området må masseutskiftast og hevast for å tilfredsstille krav til jorddjupne og avstand til grunnvasstand. Handtering av massane som skal skiftast ut må og vurderast i ein større samanheng.

På bakgrunn av det som har kome fram så langt i prosessen, har kommunen kome til at det kan vera føremålstenleg å vurdere lokaliseringa av gravplassen på nytt før det blir varsla oppstart av planarbeid. Det vil derfor bli utarbeidd ei moglegheitsstudie der ein vil sjå på ulike lokaliseringar i nærleiken av kyrkja. I dette arbeidet vil ein og sjå på fordelar og ulemper med dei ulike lokaliseringalternativa, her under omlegging av veg til Bjørnestad. Avgrensing av området som vi ser for oss blir vurdert i samband med moglegheitsstudie er vist med blå strek på kartutsnittet under.



Kart som viser avgrensning (blå strek) for område som vert vurdert i moglegheitsstudien

Når kommunen har fått avklart kva areal som vert vurdert til å vera mest eigna for utviding, vil det bli varsla oppstart av planarbeid i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8. Då vil aktuelle grunneigarar og naboar bli varsla med brev og informert om plangrense og vidare prosess.

Kommunen har som mål at moglegheitsstudiet skal liggja føre til sommaren, og at varsling av planarbeid vil bli utført tidleg i haust.

Dersom de har behov for meir informasjon kan prosjektrådgjevar Berit Eskeland i Meland kommune kontaktast på tlf. 56 17 11 68 eller på e-post: berit.eskeland@meland.kommune.no

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

